



Yngve Nikolaisen dirigerer felleskorpset

**Sjølvs om musikken står i sentrum når 80 skulekorpsmusikantar møtest til storseminar i helga, er det jammen krydra med mykje anna moro og. Med suveren servering i tillegg, både til måltid og i pausar elles, er det ikkje rart at det var 80 svært blide og fornøgde born og ungdommar vi trefte på i Rosendal samfunnshus laurdag.**

Tilsvarende seminar har tidlegare vore arrangert på Husnes og i Uskedalen, og i år stod altså Rosendal for tur. Alle tre åra er det støtte frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad som har gjort dette gode tiltaket mogeleg. I tillegg til dei 3 Kvinnheradskorpsa er det svært kjekt at Tysnes skulekorps har vore med dei 2 siste åra.

Som i fjor er det Yngve Nikolaisen som har det musikalske ansvaret. Han har med seg ein imponerende gjeng av 6 topp instruktørar. Det er Øyvind Nikolaisen, Nick Hughes, Anita Milde, Snorre Svenningsen, Trond Helland og Torstein Holmås. Alle er svært dugande, og sistnemnde vart eit svært kjent ansikt for TV-sjåarane då den populære serien Korpsfiksert med Eikanger Bjørsvik Musikklag gjekk på NRK1 for eit par år sidan. Han er nemleg den unge ess-kornettisten som var ein av gjennomgangspersonane i den gode serien.

Med så mange og dugande instruktørar vert mesteparten av tida brukt på øving i grupper. Dette vert gjort for at kvar ein skild skal ha størst mogeleg utbyte av helga. Elles ligg det mykje god inspirasjon i samværet med medlemmene frå dei andre korpsa. I pausane var det stor aktivitet både i ballbingen, på skatebanen og i leikeapparata i området.

Laurdag kveld vert det taco og kos med bingo og ulike spel og aktivitetar. Søndag føremiddag er det klart for nye øvingar før det er lunsj og klargjering til konsert kl.15 i Rosendal samfunnshus. Etter å ha tjuvlytta litt, har eg verkeleg tru på at det vert spenstige saker. Derfor bør salen i samfunnshuset fyllast! Alle korpsa vil spela kvar for seg. Instrumentgruppene vil ha sine nummer, og det store felleskorpset vil spela fleire nummer. Det vert ei flott og storlåt avslutning på ei kjempehelg der Rosendal skulekorps har vore ein framifrå arrangør.



Celine Musland og Linnea M. Ripel saman med instruktøren Torstein Holmås kjend frå TV-serien Korpsfiksert, og EM-sølvvinnar med Eikanger Bjørsvik Musikklag.



Full konsentrasjon og stor spenning under bingoen.





Populært med taco på laurdagskvelden!



Baryton og juff-gruppa vart leia av Øyvind Nikolaisen. Nils Rainer Vågen nærast.





Lappar er perfekt pausemat!



Uskedalsjenter kosar seg med lappar i pausen.



Herlege pizzabaguettar til lunsj!





Full fart og god pauseaktivitet!



Stor aktivitet i ballbingen i pausane





Yngste kornettgruppe leia av Torstein Holmås. Malena Hjelmeland(nærast), Ingrid Klyve og Sigri Lekva





Deler av kornettgruppe under leiing av Nick Hughes frå Wales. Silje Soldal(f.v.), Thea S. Taranger, Amalie H. Rød, Camilla M. Ripel og Frøya A. Haugland(Husnes sk.k.)



Deler av slagverksgruppa med m.a. Tørres M. Lekva og Ella Karina Hjørnevåg.





Tobias H. Berge-Soldal likar taco.



[Taco er skikkeleg laurdagskos! Tekst](#)

og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strûter, Janne G. Hjørnevåg og Thor Inge Døssland.